

---

Vår referanse 2020/45994-2  
Dato 22.04.2020

---

Stein Otto Hole  
Vassendveien 91  
5174 Mathopen

## Vedtak dispensasjon frå byggjegrænse - Fv. 5466 - Gnr 103 bnr 7 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 24.03.2020.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§29](#) og [§30](#) gir vi dispensasjon frå byggjegrænsa mot Fv. 5466 for å oppføre nytt våningshus og terrasse på gnr. 103 bnr. 7 i Alver kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Avstanden frå våningshuset (inkludert takutspring) til senterlina på Fv. 5466 skal vere minst 27 meter. Avstanden frå terrassehjørne til senterlinja skal vere minst 22,5 meter. Avstandane skal målast ortogonalt på fylkesvegen i tråd med vedlagt situasjonsplan.
2. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomstilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrse må følgjast.
3. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær Fv. 5466.
5. Tiltaket må vere avklart med kulturavdeling i Vestland fylkeskommune før byggearbeid blir sett i gang.
6. Byggjearbeid kan ikkje setjast i gang før Alver kommune har gjeve naudsynte løyver.
7. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggjegrænsene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen samt miljøet på eigedomane langs vegen. Byggjegrænse langs fylkesveg er ifølge veglova §29 på 50 meter.

Ifølge *Rammeplan 2017-2020 for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrensar for riks- og fylkesveg i Region vest* ligg fv. 5466 i haldningsklasse mindre streng. Då vegen har fartsgrense 50 km/t og ÅDT 300 opnar dette likevel for vurdering av dispensasjon frå byggegrensa.

Etter ei samla vurdering av forholda på staden gjev vi løyve til bygging innafor byggegrense slik det kjem fram av vilkåra vi har sett i vedtaket.

### Oppmåling

I søknad oppgir du avstand frå planlagt våningshus til vegmidte på minimum 20 meter. Situasjonsplanen oppgir andre mål, blant anna 27 meter frå hushjørne til vegkant. Denne oppmålinga er ikkje gjort ortogonalt (vinkelrett) på fylkesveg til midten av vegen, og blir difor misvisande. Korrekte mål gjort ortogonalt på fylkesveg til vegmidte blir som følgjer: 27 meter frå hushjørne til vegmidte, 22,5 meter frå terrassehjørne til vegmidte, sjå vedlagt situasjonsplan.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart mottatt. Klageinstansen er den fylkeskommunale klagenemnda. Send klagen til Vestland fylkeskommune [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no), eller Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Med helsing

Hege Løvteit  
Leiar

Silje Svanevik-Røren  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg

1 Situasjonsplan